



STORTINGET

Innst. 269 S

(2017–2018)

Innstilling til Stortinget
frå transport- og kommunikasjonskomiteen

Dokument 8:35 S (2017–2018)

Innstilling frå transport- og kommunikasjonskomiteen om Representantforslag fra stortingsrepresentantene Trine Skei Grande, Ketil Kjenseth og Carl-Erik Grimstad om forsøk med blokkjeder i det offentlige

Til Stortinget

Bakgrunn

I dokumentet vert følgjande forslag fremja:

«Stortinget ber regjeringen implementere flere mindre forsøksprosjekter med bruk av blokkjeder som erstatning for offentlige databaser innen blant annet helse, utdanning og arbeids- og sosialforvaltningen i tidsrommet 2018–2021.»

Merknadar frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Øystein Langholm Hansen, Kirsti Leirtrø, Sverre Myrli og Ingalill Olsen, frå Høgre, Solveig Sundbø Abrahamsen, Jonny Finstad, Nils Aage Jegstad og leiaren Helge Orten, frå Framstegspartiet, Tor André Johnsen, Morten Stordalen og Bengt Rune Strifeldt, frå Senterpartiet, Siv Mossleth og Ivar Odnes, frå Sosialistisk Venstreparti, Arne Nævra, og frå Venstre, Jon Gunnes, syner til Representantforslag 35 S (2017–2018) om forsøk med blokkjeder i det offentlege. Blokkjeder er relativt ny teknologi som tillet ikkje-kopierbar distribu-

sjon av digital informasjon, og er universelle databasar som blir styrte utan eit sentralisert byråkrati. Teknologien er endå i ein tidleg fase, men komiteen registrerer at forslagsstillarane hevdar at teknologien kjem til å ha stor innverknad både i offentleg og privat sektor.

Komiteen syner til at bruken av databasar i dag er omfattande i norsk offentleg sektor, der ein eksempelvis innan helsesektoren bruker kring 58 000 helserelevante databasar. Komiteen registrerer at forslagsstillarane meiner at denne oppstykinga av informasjon hindrar informasjonsflyt og fører med seg store administrasjonskostnader. Forslagsstillarane hevdar vidare at blokkjedeteknologi kan vere ei mogleg løysing på denne utfordringa, men at det offentlege ikkje har vore i forkant når det gjeld å ta blokkjeder i bruk. Komiteen registrerer at trass i at blokkjedeteknologi endå er i eit tidleg stadium, kan teknologien allereie nyttast i mindre prøveprosjekt.

Komiteen merkar seg at kommunal- og moderniseringsministeren i sitt svarbrev til transport- og kommunikasjonskomiteen syner til at departementet har tatt initiativ til ein studie av blokkjedeteknologi, som kartlegg moglegheiter og potensial for bruk av blokkjedeteknologi i Noreg, med hovudvekt på offentleg sektor. Studien låg føre 1. mars 2018.

Komiteen syner til studien «Distribuert sannhet – Potensial og barrierer for blokkjeder i norsk offentlig sektor», utarbeidd av Deloitte. Komiteen merkar seg at studien omtaler mange av dei visjonane som er lanserte for blokkjedeteknologi, for å vere utan realisme, men at det likevel ligg til grunn svært reelle og praktiske løysingar for teknologi, med verdi for offentleg sektor. Studien slår vidare fast at distribuerte register gir fleire moglegheita til å forvalte informasjon, slik at der vi i dag har éin enkelt registreigar, kan vi oppnå samarbeid

mellom offentlege og private aktørar, samt ei sterkare involvering av kvart enkelt individ. Studien slår vidare fast at distribuerte register også kan gi betre kvalitet i informasjonen og opne opp for nye forretningsmodellar vi ikkje kjenner til i dag, og at vi som individ kan få større eigarskap og kontroll over egne data.

Komiteen merkar seg at studien etter nokre veker med systematisk leiting har funne ei liste på nærare 100 initiativ der blokkjeder blir vurderte for bruk for problemstillingar som i Noreg fell inn under offentlig sektor. Eit lite mindretal av desse er også utvikla som prototypar, og nokre svært få løysingar er i faktisk bruk. Komiteen registrerer at mange tidlege anvendingar har oppstått i land utan fungerande register eller med særlege utfordringar knytte til informasjonstryggleik.

Komiteen registrerer at blokkjedeteknologien i utgangspunktet kan tilpassast gjeldande regelverk. Trass i at personvernreglane skapar nokon utfordringar, kan dei fleste av desse løysast gjennom målretta arkitektur og konsensusregelverk. Komiteen registrerer at dersom ein bruker blokkjeder for å flytte verdi, eksempelvis valuta og finansielle instrument, er det naudsynt med avklaringar i forholdet til regelverk om kvitvasking og terrorfinansiering, skatt og avgift.

Komiteen registrerer at studien konkluderer med at norsk offentlig sektor allereie har løyst nokre av dei grunnleggjande problemstillingane blokkjeder kan bidra til å løyse. Vi har i dag ei legitim og effektiv myndighetsutøving og gode eksisterande register. Komiteen syner til at samanlikna med andre land har vi ein betre måte å identifisere oss digitalt på, og vi har fortsatt betydelege investeringar i IKT-løysingar.

Komiteen merkar seg vidare at statsråden i sitt svarbrev presiserer at det må vere opp til verksemdene i stat og kommune sjølve å identifisere kva oppgåver dei meiner eignar seg for slike forsøk.

Komiteens flertall, medlemmene fra Høyre, Fremskrittspartiet og Venstre, er glad for at den blågrønne regjeringen fokuserer på mulighetene som ligger i digitalisering av offentlige tjenester. Norge har kommet langt, men flertallet er opptatt av at det offentlige alltid skal etterstrebe innovasjon i sine teknologiske løsninger.

Det er utvilsomt potensial for en mer koordinert og helhetlig bruk av databaser i norsk offentlig forvaltning, på en måte som flertallet mener vil styrke ivaretagelsen av personvern, samtidig som den gjør bruken av persondata mer smidig i for eksempel helseforvaltningen.

Flertallet understreker videre at bruk av blokkjedeteknologi i norsk offentlig forvaltning vil bidra til å bygge opp kompetanse rundt en teknologisk nyvinning som kan gi positive ringvirkninger både for offentlig og privat sektor.

Flertallet viser, som forslagsstillerne, til at andre land allerede i større grad enn Norge har tatt i bruk blokkjedeteknologi. Selv om disse landene har andre forutsetninger for både bruk og behov av teknologien, er det alltid fordelaktig for en kunnskapssøkende offentlig sektor å lære av erfaringer fra andre land.

Flertallet understreker i likhet med forslagsstillerne at blokkjedeteknologien er i en tidlig utviklingsfase og at hvordan teknologien best kan brukes i norsk offentlig sektor, enda ikke er etablert. Derfor er flertallet opptatt av at Norge setter i gang flere prøveordninger med bruk av blokkjedeteknologi.

Flertallet mener det er viktig at staten setter en overordnet målsetning om at det offentlige skal gjennomføre slike eksperimenter, og er glade for at den utvidete blågrønne regjeringen i Jeløya-plattformen forplikter seg til å vurdere hvordan blokkjedeteknologi kan legge grunnlag for ny verdiskaping. Flertallet har derfor tiltro til at regjeringens vurdering vil føre til flere offentlige forsøk med bruk av blokkjedeteknologi.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti understreker at blokkjedeteknologi er i en tidlig fase og at det fortsatt er stor usikkerhet knyttet til utviklingen og potensialet for teknologien. Disse medlemmer merker seg at regjeringens utredning, gjennomført av Deloitte, likevel mener det er sannsynlig at teknologien kan føre til betydelig effektivisering og innsparing i offentlig sektor. Disse medlemmer merker seg at de gir et estimat på om lag 15 mrd. kroner årlig omtrent 10 år frem i tid ved bruk av blokkjedeteknologi. Dette er åpenbart et tall det er heftet stor usikkerhet ved, men er etter disse medlemmers syn likevel en interessant indikasjon på potensialet som ligger i teknologien.

Disse medlemmer understreker også at denne utredningen fant over 100 eksempler internasjonalt der forsøk på bruk eller utvikling av denne teknologien for formål innen det som i Norge er offentlig sektor, er igangsatt. Disse medlemmer merker seg at enkelte av forsøkene også foregår i våre naboland, som Sverige. Disse medlemmer mener offentlig sektor har et særlig ansvar for å være i forkant på digitalisering og effektivisering. Dersom det offentlige ikke er offensive i å ta i bruk ny og kostnadsbesparende teknologi der det er mulig og fornuftig, vil det føre til unødige høye kostnader og et større gap mellom teknologiske løsninger i privat og offentlig sektor som kan svekke legitimiteten til offentlige tjenester. Disse medlemmer viser til at regjeringens utredning understreket at «det vil være nødvendig å legge til rette for utstrakt eksperimentering også her i Norge» hva gjelder blokkjedeteknologi. Disse medlemmer viser til at utredningen peker på en del ulike modeller som har blitt valgt for å prøve ut den-

ne teknologien i andre land, og mener regjeringen bør lære av disse eksemplene og følge opp rådene i utredningen. Disse medlemmer mener derfor det er fornuftig å igangsette mindre forsøksprosjekt med bruk av blokkjedeteknologi for offentlige databaser, som forslagsstillerne i dette forslaget tar til orde for. Disse medlemmer merker seg imidlertid at blokkjedeteknologien er langt mindre avansert og mer energikrevende enn andre eksisterende databaseteknologier. Disse medlemmer ønsker derfor å understreke at blokkjedeteknologi ikke trenger å være til erstatning for offentlige databaser, men kan brukes som et supplement i ulike former for hybridløsninger. Disse medlemmer understreker videre at det er viktig å gjøre en grundig og overordnet vurdering av hvilke typer databaser som kan egne seg best for denne typen forsøk. Elementer som bør inngå i en slik vurdering, er mulighetene for å øke sikkerheten, muligheten til bedre brukerinvolvering og mulighetene for kostnadsbesparelse.

På denne bakgrunn fremmer disse medlemmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen implementere flere mindre forsøksprosjekter med bruk av blokkjeder i offentlig sektor, inkludert forsøk på å bruke blokkjedeteknologi som erstatning for eller supplement til offentlige databaser innen for eksempel helse, utdanning og arbeids- og sosialforvaltningen i tidsrommet 2018–2021. I utvelgelsen av hvilke forsøk man skal igangsette, skal det tas lærdom av allerede pågående forsøk i andre land. Det bør også tas hensyn til hvor det er størst gevinster i form av økt sikkerhet, økt brukerinvolvering og kostnadsbesparelse. Regjeringen skal også vurdere å etablere et eget sekretariat eller sektorovergripende organisering for disse forsøkene. Regjeringen skal komme tilbake til Stortinget med erfaringene av forsøkene mot slutten av inneværende stortingsperiode.»

Oslo, i transport- og kommunikasjonskomiteen, den 8. mai 2018

Helge Orten

leiar

Forslag frå mindretal

Forslag frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti:

Forslag 1

Stortinget ber regjeringen implementere flere mindre forsøksprosjekter med bruk av blokkjeder i offentlig sektor, inkludert forsøk på å bruke blokkjedeteknologi som erstatning for eller supplement til offentlige databaser innen for eksempel helse, utdanning og arbeids- og sosialforvaltningen i tidsrommet 2018–2021. I utvelgelsen av hvilke forsøk man skal igangsette, skal det tas lærdom av allerede pågående forsøk i andre land. Det bør også tas hensyn til hvor det er størst gevinster i form av økt sikkerhet, økt brukerinvolvering og kostnadsbesparelse. Regjeringen skal også vurdere å etablere et eget sekretariat eller sektorovergripende organisering for disse forsøkene. Regjeringen skal komme tilbake til Stortinget med erfaringene av forsøkene mot slutten av inneværende stortingsperiode.

Tilråding frå komiteen

Tilrådinga frå komiteen vert fremja av Høgre, Framstegspartiet og Venstre.

Komiteen syner til representantforslaget og rår Stortinget til å gjere følgjande

vedtak:

Dokument 8:35 S (2017–2018) – Representantforslag fra stortingsrepresentantene Trine Skei Grande, Ketil Kjenseth og Carl-Erik Grimstad om forsøk med blokkjeder i det offentlige – vert ikkje vedtatt.

Solveig Sundbø Abrahamsen

ordførar

Vedlegg

Brev fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet v/statsråd Jan Tore Sanner til transport- og kommunikasjonskomiteen, datert 15. november 2017

Svar på representantforslag 35S om forsøk med blokkjeder i det offentlige

Jeg viser til representantforslag 35S fra stortingsrepresentantene Trine Skei Grande, Ketil Kjenseth og Carl-Erik Grimstad om forsøk med blokkjeder i det offentlige. Forslaget lyder som følger:

«Stortinget ber regjeringen implementere flere mindre forsøksprosjekter med bruk av blokkjeder som erstatning for offentlige databaser innen blant annet helse, utdanning og arbeids- og sosialforvaltningen i tidsrommet 2018–2021.»

Blokkjede-teknologi er som representantene påpeker ennå i et tidlig stadium, men kan ha potensiale for bruk i blant annet offentlig sektor.

Mitt departement har derfor tatt initiativ til en studie av blokkjede-teknologi som skal kartlegge muligheter og potensiale for bruk av blokkjede-teknologi i Norge, med hovedvekt på offentlig sektor. Studien skal også identifisere utfordringer av polymessig og regulatorisk karakter. Studien skal beskrive faktisk bruk av blokkjede-teknologi og holdninger / modenhet for mulig bruk i offentlig sektor. Den skal videre vurdere risiko og incitament for anvendelser. Formålet med studien er å utvikle et kunnskaps- og beslutningsgrunnlag, og den kan også tjene som grunnlag for å vurdere om og hvor det bør igangsettes forsøksprosjekter med bruk av blokkjeder. Studien skal foreligge innen 1. mars 2018. På grunnlag av denne vil jeg så vurdere, i samråd med statsråder ansvarlig for aktuelle sektorer, om det er grunnlag for å iverksette forsøksprosjekter slik representantene ber om.

Det må imidlertid være opp til virksomhetene i stat og kommune selv å identifisere oppgaver de mener egner seg for slike forsøk.